



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 30.03.2021

Møtebok Høyanger sokneråd

Møtedato: 03.03.2021

Møtetid: Kl. 18.00

Møtestad: Høyanger bedehus

Til stades:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Marit Tonning, Lars Petter Amundrud, Trond Gandrud, Andreas Ester, Bjørnar Otterstein

Forfall:

Veronica Vågen

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordførar Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus, kontor Gerda Otterstein, sekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste og møteprotokoll frå 11.02.21

Innkalling godkjent utan merknader. Det vart innmeldt ein vedtakssaksak:

I møte den 25.02.21 vedtok Høyanger fellesråd i sak 13/21 at kvart sokneråd vel ein representant til redaksjonen i Helgestundar, saka får saksnummer 09/21.

Saklista vert med dette tillegget godkjent.

Møteprotokoll frå 11.02.21 vart godkjent utan merknader

014/21 Soknepresten talte over 1 Korinter 12, Den hellige ånd og dei ulike nådegavene.

015/21 Postgjennomgang.

Vedtaksaker:

Sak 08/21 Strategi for presentasjon av bedehussaka til soknemøtet.
Kyrkjevevje Bjørnar Otterstein er innkalla til møtet og vil saman med soknerådet lage ein plan for presentasjon av bedehussaka til soknemøtet.

Otterstein presenterer eit skriv med overskrifta:

Framtida til Høyanger bedehus står på spel, slik saka står no er det tre moglege alternativ. Høyanger sokneråd ønsker å legge fram saka i soknemøtet den 21.03.21 og for å sikre at flest moglege kjem til soknemøtet så vert Ytre Sogn avis kontakta, Helgestundar kjem og ut i forkant av møtet.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vurderer å overta Høyanger bedehus vederlagsfritt til bruk til kyrkjelydsarbeid. Soknerådet ønsker ikkje å ta ei slik avgjerd utan at kyrkjelyden gir sitt syn til kjenne. Den 21.03.21 vert det soknemøte og for å nå så mange som moglege skal bl.a. Ytre Sogn avis kontaktes, Helgestundar kjem ut i tide med fyldig reportasje om bedehuset historie og framtid. Høyanger sokneråd skal konkludere i saka i etterkant av soknemøte.

Sak 09/21 Representant til redaksjonen til Helgestunder.

Fellesrådet ber om at sokneråda vel ein representant til ei redaksjonsgruppe for Helgestunder. Rådsmedlemmene meiner at redaksjonen til Helgestunder bør bestå av medlemmer med relevant kompetanse. Ingen i rådet innehar slike ferdigheter som er naudsynt. Soknerådet meiner at slik kunnskap finnes i kyrkjelyden utenfor soknerådet og vil bruke tid på å finne dette.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtar å utsette saka til 02.06.21

Referent: Lars Petter Amundrud